

## KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSFORORDNING (EU) 2019/533

2020/EØS/84/16

av 28. mars 2019

**om eit samordna fleirårig kontrollprogram i Unionen for 2020, 2021 og 2022 for å sikre at dei øvre grenseverdiene for restar av pesticid i og på næringsmiddel av vegetabilsk og animalsk opphav vert overhaldne, og for å vurdere eksponeringa av forbrukarane for desse restane<sup>(\*)</sup>**

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 396/2005/EF av 23. februar 2005 om grenseverdier for rester av pesticider i eller på næringsmidler og fôrvarer av vegetabilsk og animalsk opprinnelse, og om endring av rådsdirektiv 91/414/EØF<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 29 nr. 2, og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1213/2008<sup>(2)</sup> vart det første samordna fleirårige kontrollprogrammet i Fellesskapet oppretta, for åra 2009, 2010 og 2011. Programmet vart vidareført gjennom seinare kommisjonsforordningar. Den siste av desse var Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2018/555<sup>(3)</sup>.
- 2) Mellom 30 og 40 næringsmiddel utgjer dei viktigaste delemla i kosten i Unionen. Ettersom bruken av pesticid endrar seg mykje over ein treårsperiode, bør pesticid i desse næringsmidla overvakast i ei rekkje treårssyklusar for å gjere det mogleg å vurdere forbrukareksponeringa og bruken av unionsregelverket.
- 3) Den europeiske styresmakta for næringsmiddeltryggleik («Styresmakta») la fram ein vitenskapleg rapport om ei vurdering av utforminga av overvåkingsprogrammet for pesticid. Ho konkluderte med at ei overskriding av den øvre grenseverdien for restmengder med over 1 % kunne estimerast, med ein feilmargen på 0,75 %, ved utveljing av 683 prøver tekne frå minst 32 ulike næringsmiddel<sup>(4)</sup>. Innsamlinga av desse prøvene bør fordelast mellom medlemsstatane i høve til folketalet, og det skal takast minst 12 prøver per produkt kvart år.
- 4) Det er teke omsyn til analyseresultat frå tidlegare offisielle kontrollprogram i Unionen for å sikre at pesticida som er omfatta av kontrollprogrammet, er representative for dei pesticida som vert nytta.
- 5) Retningslinjer for framgangsmåtar for kvalitetskontroll og validering av analysar av restar av pesticid i næringsmiddel og fôr er offentleggjorde på Kommisjonenens nettstad<sup>(5)</sup>.
- 6) Dersom definisjonen av ein rest av eit pesticid omfattar andre aktive stoff, metabolittar og/eller nedbrytingsprodukt eller reaksjonsprodukt, bør desse sambindingane rapporterast kvar for seg dersom dei vert målte einskildvis<sup>(6)</sup>.
- 7) Medlemsstatane, Kommisjonen og Styresmakta har i fellesskap fastsett gjennomføringstiltak for oversending av opplysningar frå medlemsstatane, t.d. den standardiserte beskrivinga av prøver (SSD) for framlegging av resultat av analysar av pesticidrestar.

<sup>(\*)</sup> Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 88 av 29.3.2019, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 59/2020 av 30. april 2020 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), ennå ikke kunngjort.

<sup>(1)</sup> TEU L 70 av 16.3.2005, s. 1.

<sup>(2)</sup> Kommisjonsforordning (EF) nr. 1213/2008 av 5. desember 2008 om et samordnet flerårig kontrollprogram i Fellesskapet for 2009, 2010 og 2011 for å sikre overholdelse av grenseverdier for rester av pesticider på og i næringsmidler av vegetabilsk og animalsk opprinnelse og å vurdere forbrukernes eksponering for disse restene (TEU L 328 av 6.12.2008, s. 9).

<sup>(3)</sup> Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2018/555 av 9. april 2018 om et samordnet flerårig kontrollprogram i Unionen for 2019, 2020 og 2021 for å sikre overholdelse av øvre grenseverdier for rester av pesticider og for å vurdere forbrukernes eksponering for pesticidrester i og på næringsmidler av vegetabilsk og animalsk opprinnelse (TEU L 92 av 10.4.2018, s. 6).

<sup>(4)</sup> «European Food Safety Authority; pesticide monitoring program: design assessment». *EFSA Journal* 2015;13(2):4005.

<sup>(5)</sup> Dokument nr. SANTE/11813/2017. [https://ec.europa.eu/food/sites/food/files/plant/docs/pesticides\\_mrl\\_guidelines\\_wrkdoc\\_2017-11813.pdf](https://ec.europa.eu/food/sites/food/files/plant/docs/pesticides_mrl_guidelines_wrkdoc_2017-11813.pdf) i nyaste versjon.

<sup>(6)</sup> SANCO/12574/2014, «Working Document on the summing up of LOQs in case of complex residue definitions».

- 8) Kommissjonsdirektiv 2002/63/EF<sup>(7)</sup>, som inneheld dei prøvetakingsmetodane og -framgangsmåtane som Codex Alimentarius-kommisjonen tilrår, bør nyttast med omsyn til prøvetakingsmetodar.
- 9) Det bør vurderast om dei øvre grenseverdiane for restar i næringsmiddel for spedbarn og småbarn som er fastsette i artikkel 10 i kommissjonsdirektiv 2006/141/EF<sup>(8)</sup> og i artikkel 7 i kommissjonsdirektiv 2006/125/EF<sup>(9)</sup>, er overhaldne, og det skal takast omsyn til berre dei definisjonane av restmengder som er fastsette i forordning (EF) nr. 396/2005.
- 10) Med omsyn til metodar for påvising av éi restmengd bør medlemsstatane kunne oppfylle analysepliktene sine ved å nytte offentlege laboratorium som alt gjer bruk av dei validerte metodane som krevst.
- 11) Medlemsstatane bør innan 31. august kvart år sende inn opplysningane for det føregåande kalenderåret.
- 12) For å unngå forvirring på grunn av overlapping mellom fleirårige program som følgjer etter kvarandre, bør gjennomføringsforordning (EU) 2018/555 opphevast av omsyn til rettstryggleiken. Ho bør likevel framleis gjelde for prøver som er analyserte i 2019.
- 13) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for planter, dyr, næringsmiddel og før.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

#### *Artikkel 1*

Medlemsstatane skal i 2020, 2021 og 2022 ta prøver og analysere desse med dei kombinasjonane av produkt og pesticid som er oppførte i vedlegg I.

Talet på prøver av kvart einskilt produkt, medrekna næringsmiddel for spedbarn og småbarn i tillegg til produkt frå økologisk landbruk, er fastsett i vedlegg II.

#### *Artikkel 2*

1. Det partiet som det skal takast prøver av, skal veljast ut tilfeldig.

Framgangsmåten for prøvetaking, medrekna talet på einingar, skal vere i samsvar med direktiv 2002/63/EF.

2. Alle prøver, medrekna prøver av næringsmiddel for spedbarn og småbarn i tillegg til produkt frå økologisk landbruk, skal analyserast for dei pesticida som er oppførte i vedlegg I i samsvar med definisjonane av restmengder i forordning (EF) nr. 396/2005.

3. Med omsyn til næringsmiddel for spedbarn og småbarn skal prøvene takast frå produkt til konsum eller produkt som er rekonstituerte i samsvar med rettleiinga frå produsenten, samstundes som det vert teke omsyn til dei øvre grenseverdiane for restmengder som er fastsette i direktiv 2006/125/EF og 2006/141/EF. Dersom desse næringsmidla kan konsumerast både i den tilstanden de vert selde i og etter rekonstituering, er det resultatata for det ikkje-rekonstituerte produktet slik det vert selt, som skal sendast inn.

#### *Artikkel 3*

Medlemsstatane skal sende inn analyseresultata av dei prøvene som er tekne i 2020, 2021 og 2022, innan 31. august i høvesvis 2021, 2022 og 2023. Desse resultatata skal sendast inn i det elektroniske rapporteringsformatet som EFSA har fastsett.

Dersom definisjonen av ein rest av eit pesticid omfattar meir enn éi sambinding (aktivt stoff og/eller metabolitt eller nedbrytings- eller reaksjonsprodukt), skal medlemsstatane sende inn analyseresultata i samsvar med den fullstendige definisjonen av restmengd. I tillegg skal det sendast inn ei eiga melding om resultatata for alle analyttane som er nemnde i definisjonen av ei restmengd, såframt dei vert målte einskildvis.

<sup>(7)</sup> Kommissjonsdirektiv 2002/63/EF av 11. juli 2002 om fastsettelse av fellesskapsmetoder for prøvetaking ved offentlig kontroll av rester av plantevernmidler i og på produkter av vegetabilisk og animalsk opprinnelse og om oppheving av direktiv 79/700/EØF (TEF L 187 av 16.7.2002, s. 30).

<sup>(8)</sup> Kommissjonsdirektiv 2006/141/EF av 22. desember 2006 om morsmelkerstatninger og tilskuddsblandinger og om endring av direktiv 1999/21/EF (TEU L 401 av 30.12.2006, s. 1).

<sup>(9)</sup> Kommissjonsdirektiv 2006/125/EF av 5. desember 2006 om bearbeidede kornbaserte næringsmidler og barnemat for spedbarn og småbarn (TEU L 339 av 6.12.2006, s. 16).

*Artikkel 4*

Gjennomføringsforordning (EU) 2018/555 vert oppheva.

For prøver som er analyserte i 2019, skal ho likevel gjelde fram til 1. september 2020.

*Artikkel 5*

Denne forordninga tek til å gjelde 1. januar 2020.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel 28. mars 2019.

*For Kommissjonen*

Jean-Claude JUNCKER

*President*

---

## VEDLEGG I

Del A: Produkt av vegetabilsk opphav<sup>(1)</sup> som det skal takast prøver av i 2020, 2021 og 2022.

2020	2021	2022
(a)	(b)	(c)
Appelsinar <sup>(2)</sup>	Borddruer <sup>(2)</sup>	Eple <sup>(2)</sup>
Pærer <sup>(2)</sup>	Banar <sup>(2)</sup>	Jordbær <sup>(2)</sup>
Kiwifrukt <sup>(2)</sup>	Grapefrukter <sup>(2)</sup>	Ferskenar, medrekna nektarinar og liknande hybridar <sup>(2)</sup>
Blomkål <sup>(2)</sup>	Auberginar <sup>(2)</sup>	Vin (raud eller kvit) framstilt av druer. (Dersom det ikkje finst ein spesifikk tilarbeidingsfaktor for vin, vert medlemsstatane oppmoda om å oppgje i den nasjonale samandragrapporten kva tilarbeidingsfaktorar for vin som er nytta).
Kepalauk <sup>(2)</sup>	Brokkoli <sup>(2)</sup>	Salat <sup>(2)</sup>
Gulrøter <sup>(2)</sup>	Melonar <sup>(2)</sup>	Hovudkål <sup>(2)</sup>
Poteter <sup>(2)</sup>	Dyrka sopp <sup>(2)</sup>	Tomatar <sup>(2)</sup>
Bønner (tørka) <sup>(2)</sup>	Paprika <sup>(2)</sup>	Spinat <sup>(2)</sup>
Rugkorn <sup>(3)</sup>	Kveitekorn <sup>(3)</sup>	Havrekorn <sup>(3)(4)</sup>
Brun ris (avskala ris), definert som ris etter fjerning av skalet av ubehandla ris <sup>(5)</sup>	Jomfruolje av oliven. (Dersom det ikkje finst ein spesifikk tilarbeidingsfaktor for olje, vert medlemsstatane oppmoda til å oppgje i den nasjonale samandragrapporten kva tilarbeidingsfaktorar som er nytta).	Byggkorn <sup>(3)(6)</sup>

DEL B: Produkt av animalsk opphav<sup>(1)</sup> som det skal takast prøver av i 2020, 2021 og 2022.

2020	2021	2022
(f)	(d)	(e)
Fjorfefeitt <sup>(2)(7)</sup>	Storfefeitt <sup>(2)(7)</sup>	Kumjøl <sup>(8)</sup>
Lever frå storfe <sup>(2)</sup>	Hønseegg <sup>(2)(9)</sup>	Svinefefeitt <sup>(2)(7)</sup>

(1) For utilarbeidde næringsmiddel som skal analyserast, skal dei delane av produkta som dei øvre grenseverdiane gjeld for, analyserast for hovudproduktet i gruppa eller undergruppa som er oppført i del A i vedlegg I til forordning (EF) nr. 396/2005, dersom ikkje noko anna er oppgjeve.

(2) Analysen skal utførast på utilarbeidde produkt. For prøver som vert tekne av fryste produkt, skal det rapporterast ein tilarbeidingsfaktor dersom det er relevant.

(3) Dersom det ikkje finst tilfredsstillande prøver av rug-, kveite-, havre- eller byggkorn, kan òg fullkornmjøl av rug, kveite, havre eller bygg analyserast, og ein tilarbeidingsfaktor skal rapporterast.

(4) Dersom det ikkje finst tilfredsstillande prøver av havrekorn, kan den delen av det påkravde talet på havrekornprøver som ikkje kunne takast, leggjast til talet på byggkornprøver, noko som gjev eit lågare prøvetal for havrekorn og eit tilsvarande høgare prøvetal for byggkorn.

(5) Dersom det er relevant, kan òg polerte riskorn analyserast. Det skal rapporterast til EFSA om det er polert eller avskala ris som er analysert. Dersom det er polert ris som er analysert, skal det rapporterast ein tilarbeidingsfaktor.

(6) Dersom det ikkje finst tilfredsstillande prøver av byggkorn, kan den delen av det påkravde talet på byggkornprøver som ikkje kunne takast, leggjast til talet på havrekornprøver, noko som gjev eit lågare prøvetal for byggkorn og eit tilsvarande høgare prøvetal for havrekorn.

(7) Det kan òg takast prøver av kjøt i samsvar med tabell 3 i vedlegget til direktiv 2002/63/EF.

(8) Analysen skal utførast på fersk (utilarbeidd) mjøl, medrekna fryst, pasteurisert, oppvarma, sterilisert eller filtrert mjøl.

(9) Analysen skal utførast på heile egg utan skal.

**Del C: Kombinasionar av pesticid og produkt som skal overvakast i eller på produkt av vegetabilsk opphav**

	2020	2021	2022	Merknader
2,4-D	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på appelsinar, blomkål, brun ris og tørka bønner i 2020, i og på grapefrukter, borddruer, auberginar og brokkoli i 2021 og i og på salat, spinat og tomatar i 2022.
2-fenylfenol	(a)	(b)	(c)	
Abamektin	(a)	(b)	(c)	
Acefat	(a)	(b)	(c)	
Acetamiprid	(a)	(b)	(c)	
Akrinatriin	(a)	(b)	(c)	
Aldikarb	(a)	(b)	(c)	
Aldrin og dieldrin	(a)	(b)	(c)	
Ametoktradin	(a)	(b)	(c)	
Azinfosmetyl	(a)	(b)	(c)	
Azoksystrobin	(a)	(b)	(c)	
Bifentrin	(a)	(b)	(c)	
Bifenyl	(a)	(b)	(c)	
Bitertanol	(a)	(b)	(c)	
Boskalid	(a)	(b)	(c)	
Bromidion	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på brun ris i 2020, i og på paprika i 2021 og i og på salat og tomatar i 2022.
Brompropylat	(a)	(b)	(c)	
Bupirimat	(a)	(b)	(c)	
Buprofezin	(a)	(b)	(c)	
Kaptan	(a)	(b)	(c)	
Karbaryl	(a)	(b)	(c)	
Karbendazim og benomyl	(a)	(b)	(c)	
Karbofuran	(a)	(b)	(c)	
Klorantraniliprol	(a)	(b)	(c)	
Klorfenapyr	(a)	(b)	(c)	
Klormekvat	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på gulrøter, pærer, rug og brun ris i 2020, i og på auberginar, borddruer, dyrka sopp og kveite i 2021 og i og på tomatar og havre i 2022.

	2020	2021	2022	Merknader
Klortalonil	(a)	(b)	(c)	
Klorprofam	(a)	(b)	(c)	
Klorpyrifos	(a)	(b)	(c)	
Klorpyrifosmetyl	(a)	(b)	(c)	
Klofentezin	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Klotianidin	(a)	(b)	(c)	
Cyazofamid	(a)	(b)	(c)	
Cyflufenamid	(a)	(b)	(c)	
Cyflutrin	(a)	(b)	(c)	
Cymoksamil	(a)	(b)	(c)	
Cypermetrin	(a)	(b)	(c)	
Cyprokonazol	(a)	(b)	(c)	
Cyprodinil	(a)	(b)	(c)	
Cyromazin	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på poteter, kepalauk og gulrøter i 2020, i og på auberginar, paprika, melonar og dyrka sopp i 2021 og i og på salat og tomatar i 2022.
Deltametrin	(a)	(b)	(c)	
Diazinon	(a)	(b)	(c)	
Diklorvos	(a)	(b)	(c)	
Dikloran	(a)	(b)	(c)	
Dikofol	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Dietofenkarb	(a)	(b)	(c)	
Difenokonazol	(a)	(b)	(c)	
Diflubenzuron	(a)	(b)	(c)	
Dimetoat	(a)	(b)	(c)	
Dimetomorf	(a)	(b)	(c)	
Dinikonazol	(a)	(b)	(c)	
Difenylamin	(a)	(b)	(c)	
Ditianon	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på pærer og brun ris i 2020, i og på borddruer i 2021 og i og på eple og ferskenar i 2022.

	2020	2021	2022	Merknader
Ditiokarbamat	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå brokkoli, blomkål, hovudkål, olivenolje, vin og kepalauk.
Dodin	(a)	(b)	(c)	
Emamektinbenzoat B1a, uttrykt som emamektin	(a)	(b)	(c)	
Endosulfan	(a)	(b)	(c)	
Epoksikonazol	(a)	(b)	(c)	
Etefon	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på appelsinar og pærer i 2020, i og på paprika, kveite og borddruer i 2021 og i og på eple, ferskenar, tomatar og vin i 2022.
Etion	(a)	(b)	(c)	
Etirimol	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Etofenproks	(a)	(b)	(c)	
Etoksazol	(a)	(b)	(c)	
Famoksadon	(a)	(b)	(c)	
Fenamidon	(a)	(b)	(c)	
Fenamifos	(a)	(b)	(c)	
Fenarimol	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Fenazakin	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Fenbukonazol	(a)	(b)	(c)	
Fenbutatinoksid	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på appelsinar og pærer i 2020, i og på auberginar, grapefrukter, paprika og borddruer i 2021 og i og på eple, jordbær, ferskenar, tomatar og vin i 2022.
Fenheksamid	(a)	(b)	(c)	
Fenitrotion	(a)	(b)	(c)	
Fenoksykarb	(a)	(b)	(c)	
Fenpropatrin	(a)	(b)	(c)	
Fenpropidin	(a)	(b)	(c)	
Fenpropimorf	(a)	(b)	(c)	
Fenpyrazamin	(a)	(b)	(c)	
Fenpyroksimat	(a)	(b)	(c)	
Fention	(a)	(b)	(c)	

	2020	2021	2022	Merknader
Fenvalerat	(a)	(b)	(c)	
Fipronil	(a)	(b)	(c)	
Flonikamid	(a)	(b)	(c)	
Fluazifop-P	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på blomkål, tørka bønner, poteter og gulrøter i 2020, i og på auberginar, brokkoli, paprika og kveite i 2021 og i og på jordbær, hovudkål, salat, spinat og tomatar i 2022.
Flubendiamid	(a)	(b)	(c)	
Fludioksonil	(a)	(b)	(c)	
Flufenoksuron	(a)	(b)	(c)	
Fluopikolid	(a)	(b)	(c)	
Fluopyram	(a)	(b)	(c)	
Flukvinkonazol	(a)	(b)	(c)	
Flusilazol	(a)	(b)	(c)	
Flutriafol	(a)	(b)	(c)	
Fluksapyroksad	(a)	(b)	(c)	
Folpet	(a)	(b)	(c)	
Formetanat	(a)	(b)	(c)	
Fostiazat	(a)	(b)	(c)	
Glyfosat	(a)	(b)	(c)	
Haloksyfop medrekna haloksyfop-P	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på tørka bønner i 2020, i og på brokkoli, grapefrukter, paprika og kveite i 2021 og i og på jordbær og hovudkål i 2022.
Heksakonazol	(a)	(b)	(c)	
Heksytiazoks	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Imazalil	(a)	(b)	(c)	
Imidakloprid	(a)	(b)	(c)	
Indoksakarb	(a)	(b)	(c)	
Iprodion	(a)	(b)	(c)	
Iprovalikarb	(a)	(b)	(c)	
Isokarbofos	(a)	(b)	(c)	
Isoprotiolan	(a)			Analysen skal berre utførast i og på brun ris i 2020. Stoffet skal ikkje analyserast i eller på noko produkt i 2021 og 2022.



	2020	2021	2022	Merknader
Kresoksimmetyl	(a)	(b)	(c)	
Lambdacyhalotrin	(a)	(b)	(c)	
Linuron	(a)	(b)	(c)	
Lufenuron	(a)	(b)	(c)	
Malation	(a)	(b)	(c)	
Mandipropamid	(a)	(b)	(c)	
Mepanipirim	(a)	(b)	(c)	
Mepikvat	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på pærer, rug og brun ris i 2020, i og på dyrka sopp og kveite i 2021 og i og på bygg og havre i 2022.
Metalaksyl og metalaksyl-M	(a)	(b)	(c)	
Metamidofos	(a)	(b)	(c)	
Metidation	(a)	(b)	(c)	
Metiokarb	(a)	(b)	(c)	
Metomyl	(a)	(b)	(c)	
Metoksyfenozid	(a)	(b)	(c)	
Metrafenon	(a)	(b)	(c)	
Monokrotofos	(a)	(b)	(c)	
Myklobutanil	(a)	(b)	(c)	
Ometoat	(a)	(b)	(c)	
Oksadiksyli	(a)	(b)	(c)	
Oksamyl	(a)	(b)	(c)	
Oksydemetonmetyl	(a)	(b)	(c)	
Paklobutrazol	(a)	(b)	(c)	
Parationmetyl	(a)	(b)	(c)	
Penkonazol	(a)	(b)	(c)	
Pencykuron	(a)	(b)	(c)	
Pendimetalin	(a)	(b)	(c)	
Permetrin	(a)	(b)	(c)	
Fosmet	(a)	(b)	(c)	
Pirimikarb	(a)	(b)	(c)	

	2020	2021	2022	Merknader
Pirimifosmetyl	(a)	(b)	(c)	
Procymidon	(a)	(b)	(c)	
Profenofos	(a)	(b)	(c)	
Propamokarb	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på gulrøter, blomkål, kepalauk og poteter i 2020, i og på borddruer, melonar, auberginar, brokkoli, paprika og kveite i 2021 og i og på jordbær, hovudkål, spinat, salat, tomatar og bygg i 2022.
Propargitt	(a)	(b)	(c)	
Propikonazol	(a)	(b)	(c)	
Propyzamid	(a)	(b)	(c)	
Prokvinazid	(a)	(b)	(c)	
Prosulfokarb	(a)	(b)	(c)	
Protiokonazol	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utførast i og på gulrøter, kepalauk, rug og brun ris i 2020, i og på paprika og kveite i 2021 og i og på hovudkål, salat, tomatar, havre og bygg i 2022.
Pymetrozin		(b)	(c)	Stoffet skal ikkje analyserast i eller på noko produkt i 2020. Det skal berre analyserast i og på auberginar, melonar og paprika i 2021 og i og på hovudkål, salat, jordbær, spinat og tomatar i 2022.
Pyraklostrobin	(a)	(b)	(c)	
Pyridaben	(a)	(b)	(c)	
Pyrimetamil	(a)	(b)	(c)	
Pyriproksyfen	(a)	(b)	(c)	
Kinoksyfen	(a)	(b)	(c)	
Spinosad	(a)	(b)	(c)	
Spirodiklofen	(a)	(b)	(c)	
Spiromesifen	(a)	(b)	(c)	
Spiroksamin	(a)	(b)	(c)	
Spirotetramat	(a)	(b)	(c)	
Tau-fluvalinat	(a)	(b)	(c)	
Tebukonazol	(a)	(b)	(c)	
Tebufenozid	(a)	(b)	(c)	
Tebufenpyrad	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utførast i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett frå korn.
Teflubenzuron	(a)	(b)	(c)	

	2020	2021	2022	Merknader
Teflutrin	(a)	(b)	(c)	
Terbutylazin	(a)	(b)	(c)	
Tetrakonazol	(a)	(b)	(c)	
Tetradifon	(a)	(b)	(c)	Analysen skal utført i og på alle oppførte næringsmiddel bortsett fra korn.
Tiabendazol	(a)	(b)	(c)	
Tiakloprid	(a)	(b)	(c)	
Tiametoksam	(a)	(b)	(c)	
Tiofanatmetyl	(a)	(b)	(c)	
Tolklofosmetyl	(a)	(b)	(c)	
Triadimefon	(a)	(b)	(c)	
Triadimenol	(a)	(b)	(c)	
Tiodikarb	(a)	(b)	(c)	
Triazofos	(a)	(b)	(c)	
Tricyklazol	(a)	(b)	(c)	Analysen skal berre utført i og på ris.
Trifloksystrobin	(a)	(b)	(c)	
Triflumuron	(a)	(b)	(c)	
Vinklozolin	(a)	(b)	(c)	

**Del D: Kombinasjonar av pesticid og produkt som skal overvakast i eller på produkt av animalsk opphav**

	2020	2021	2022	Merknader
Aldrin og dieldrin	(f)	(d)	(e)	
Bifentrin	(f)	(d)	(e)	
Klordan	(f)	(d)	(e)	
Klorpyrifos	(f)	(d)	(e)	
Klorpyrifosmetyl	(f)	(d)	(e)	
Cypermeterin	(f)	(d)	(e)	
DDT	(f)	(d)	(e)	
Deltameterin	(f)	(d)	(e)	
Diazinon	(f)	(d)	(e)	
Endosulfan	(f)	(d)	(e)	
Famoksadon	(f)	(d)	(e)	
Fenvalerat	(f)	(d)	(e)	

	2020	2021	2022	Merknader
Fipronil	(f)	(d)	(e)	
Glyfosat	(f)	(d)	(e)	
Heptaklor	(f)	(d)	(e)	
Heksaklorbenzen	(f)	(d)	(e)	
Heksaklorsykloheksan (HCH, alfa-isomer)	(f)	(d)	(e)	
Heksaklorsykloheksan (HCH, beta-isomer)	(f)	(d)	(e)	
Indoksakarb			(e)	Analysen skal berre utførast i og på mjølk i 2022.
Lindan	(f)	(d)	(e)	
Metoksyklor	(f)	(d)	(e)	
Paration	(f)	(d)	(e)	
Permetrin	(f)	(d)	(e)	
Pirimifosmetyl	(f)	(d)	(e)	

## VEDLEGG II

**Talet på prøver som er nemnt i artikkel 1**

- 1) Talet på prøver som kvar medlemsstat skal ta av kvart næringsmiddel og analysere for dei pesticida som er oppførte i vedlegg I, er fastsett i tabellen i nr. 5.
- 2) I tillegg til dei prøvene som krevst i medhald av tabellen i nr. 5, skal kvar medlemsstat i 2020 ta og analysere fem prøver av morsmjølkerstatningar og fem prøver av tilskotsblandingar.

I tillegg til dei prøvene som krevst i medhald av den nemnde tabellen, skal kvar medlemsstat i 2021 ta og analysere ti prøver av tilarbeidd kornbasert barnemat.

I tillegg til dei prøvene som krevst i medhald av den nemnde tabellen, skal kvar medlemsstat i 2022 ta og analysere ti prøver av andre næringsmiddel for spedbarn og småbarn enn morsmjølkerstatningar, tilskotsblandingar og tilarbeidd kornbasert barnemat.

- 3) I samsvar med tabellen i nr. 5 skal prøver av eventuelle næringsmiddel frå økologisk landbruk takast i høve til marknadsdelen til desse næringsmidla i kvar medlemsstat, og det skal takast minst éi prøve.
- 4) Medlemsstatar som nyttar metodar for påvising av fleire restmengder, kan nytte kvalitative påvisingsmetodar på opp til 15 prosent av dei prøvene som skal takast og analyserast i medhald av tabellen i nr. 5. Dersom ein medlemsstat nyttar kvalitative påvisingsmetodar, skal han analysere dei resterande prøvene ved hjelp av kvantitative metodar for påvising av fleire restmengder.

Dersom resultatata av den kvalitative påvisinga gjev positive resultat, skal medlemsstatane nytte alminnelege metodar for å kvantifisere resultatata.

- 5) Minste prøvetal per medlemsstat per næringsmiddel:

Medlemsstat	Prøver	Medlemsstat	Prøver
BE	12	LU	12
BG	12	HU	12
CZ	12	MT	12
DK	12	NL	18
DE	97	AT	12
EE	12	PL	47
EL	12	PT	12
ES	50	RO	20
FR	71	SI	12
IE	12	SK	12
IT	69	FI	12
CY	12	SE	12

Medlemsstat	Prøver	Medlemsstat	Prøver
LV	12	UK	71
LT	12	HR	12

SAMLTA TAL PÅ PRØVER: 683

---